

ÅRSRAPPORT 2014

FOR

SIMAS IKS



Innhold

1. *Samandrag av året*
2. *SIMAS i dag*
3. *Formålet med verksemda*
4. *Organisering av verksemda*
5. *Avfallsmengder og aktivitetar*
6. *Styret si årsmelding*
7. *Resultatrekneskap*
8. *Balanse*
10. *Notar*
11. *Revisjonsmelding*

ÅRSMELDING 2014 SIMAS IKS

2014 har i det store og heile vore eit normalt driftsår og utan dei heilt store overraskingane. Storbrannen i Lærdal og dei store flaumskadane i nokre av kommunane i slutten av oktober gjorde sitt til at det måtte setjast inn ekstra ressursar for å handtere dei store mengdene med avfall som følgde hendingane.

Aktiviteten i SIMAS har auka jamnleg. Omsetninga enda på 60,0 mill.kr. som er om lag same omsetning som året før. Til saman handsama me 29,322 tonn i anlegget, mot 26 327 tonn i 2013, ein auke på 7,6 %.

Frå og med 2015 har SIMAS ansvaret for faktureringa og oppfølginga av kundane i 8 av eigarkommunane. Mykje resursar har vore brukt til få dette på plass, samstundes som det må gjerast ein stor jobb med å kvalitetsikra datagrunnlaget best mogleg. SIMAS arbeider hardt for å vera ein pådrivar, rådgjevar og kompetanseberar på avfallshandtering i regionen. Utviklinga går fort og me ser allereie skjerpa konkurranse om næringskundane. Selskapet møter denne utviklinga med etableringa av Simas Næring AS. 2015 skal brukast til å få denne etableringa i posisjon til å møta den aukande konkurransen. Målet er å tilby gode og konkurransedyktige løysingar for næringskundane i marknaden vår.

I 2014 godkjende styret planane for bygging av ny omlastingshall i Festingedalen. Dette er ei tung men viktig investering, på om lag 22 mill.kr. Når hallen står ferdig i september 2015 vil det bli ei omlegging av arbeidsprosessane med restavfall, papir, plast og papp. Dei nye arbeidsprosessane vil medføre endringar for mannskapet og drifta. Det vil og medføre endringar for uttransport og nedstraumsløysingane våre i framtida. Lønsemda med investeringa er ikkje talfesta men det er klare forventingar om at inntektene vil auke, samstundes som transportkostnadene skal minke. Det ligg og ein vesentleg reduksjon i CO2 utslepp som følgje av færre vogntog til anlegget.

Kravet til informasjon og service ovanfor kundane og betre oppfølging av desse aukar. Nye informasjonskanalar og IT-løysingar opnar for auka bruk av slike løysingar. Heimesida er ein viktig informasjonskanal og lanseringa av mi kommunale side er nær føreståande. På mi kommunale side kan du som kunde enkelt skaffe deg informasjon om dine avtalar med SIMAS, kva du skal betale, tømmeruter m.m. Kvart år kjem skuleklassar frå kommunane på besøk til Festingedalen. Besøket ser alle fram til, og 2014 har ikkje vore noko unntak. Denne aktiviteten ønskjer me å halda fram med, og vonar enno fleire har lyst å kome til Festingedalen for å bli litt kjende med oppgåvene i SIMAS.

Kundane si haldning til sortering av avfallet er avgjerande for å få til best mogeleg kostnadseffektiv avhending og slutthandsaming av avfallet. God sortering sparer SIMAS for mykje ekstraarbeid og målet med informasjonsarbeidet vårt er få kvar og ein av oss til å ta sorteringsoppgåva på alvor. Til flinkare me blir i heimen med å sortere avfallet til meire sparar me miljøet for lastene av vår adferd og handlingar.

Eg vil takka tilsette, samarbeidspartnarar, kundar og eigarkommunane for godt samarbeid i 2014.


Magne Forberg
Direktør

SIMAS i dag

SIMAS er eit interkommunalt selskap eigd av kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal, med til saman 33 000 ibuarar. Selskapet starta opp i 1995 og har i dag ansvaret for all handsaming av hushaldningsavfall for eigarkommunane, utanom Årdal som har si eiga løysing. I tillegg vert det meste av næringsavfallet frå Indre Sogn teken hand om av SIMAS.

Kontor- og arbeidsstaden er Festingdalen på Kaupanger. Her finn du miljø- og avfallsstasjon, sorteringsanlegg, komposteringsanlegg og omlastingsstasjon for restavfall, og avfall som blir lagt på deponi. I 2014 var det 17 fast tilsette. I tillegg vart det nytta noko innleigd hjelp. SIMAS kjøper transporttenester av renovatør- og transportselskap, f.t. Reno Norden. Meir informasjon om SIMAS finn ein på www.simas.no

SIMAS har organisert verksemda innanfor tre hovudarbeidsområde; innsamling, handsaming og avhending av avfall.



Avfallsløysinga og servicenivået kan opplevast ulikt i området selskapet opererer i. Det følgjer av dei geografiske utfordringane regionen har med fåe kundar einskilde stader, spreidd busetnad andre stader. I slike høve vil kunden si personlege haldning til miljø og ressursbruk spele inn.

ÅRSMELDING 2014 SIMAS IKS

For å kunne vurdera SIMAS si evne til å løyse oppgåvene vil følgjande vera viktig;

- Kva blir henta hjå abonnentane?
- Kva må bringast?
- Avstand til returpunkt og miljøstasjon?
- Opningstider?
- Fysisk utforming og estetikk?
- Gebyr og kostnader?

Dette er faktorar som vert vektlagt i arbeidet med å vidareutvikla verksemda saman med eigarkommunane og kundane. Målet må vere å finne dei gode løysingane saman.

Formålet med verksemda

SIMAS vart stifta med heimel i kommunelova § 27 på møte i Sogn Regionråd den 20. mai 1994. Frå 01.01.02 vart SIMAS endra til å bli eit IKS, heimla i Lov om interkommunale selskap.

SIMAS skal løysa eigarkommunane sine oppgåver innan avfallshandtering på best mogeleg måte, både økonomisk, miljøvenleg og i ressursbruk

I arbeidet med desse oppgåvene skal òg kundane sine ønskjer og interesser takast best mogleg omsyn til.

Selskapet skal leggja særleg vekt på miljøvenleg og kostnadseffektiv drift i alle ledd av avfallshandteringa. Selskapet skal i samarbeid med kommunane informera abonnentane om drifta av selskapet.


Selskapet skal i informasjonsarbeidet leggja vekt på å gje auka kunnskap og forståing for miljøvenlege handteringsmetodar. Selskapet skal samordna kommunane sitt arbeid med å hindra avfallsproduksjon, redusera avfallsmengdene og auka utnyttinga av ressursane i avfallet. Handteringa av avfallet skal skje på basis av økologiske prinsipp samstundes som sentrale miljøkrav vert stetta. Selskapet skal vera pådrivar ovanfor eigarkommunar, lokalt næringsliv og innbyggjarar innan avfallsområdet.

Eigar- og ansvarsdel i selskapet:

Kommune	Folketal 01.01.2014	%-eigardel	Folketal 31.12.2014	%-eigardel	Del av total gjeld pr 31.12.12	Del av langsiktig gjeld pr 31.12.12
Aurland	1714	5,28 %	1715	5,27 %	2 244 475	1 577 337
Balestrand	1337	4,12 %	1306	4,01 %	1 709 204	1 201 168
Høyanger	4222	13,00 %	4183	12,85 %	5 474 426	3 847 231
Leikanger	2255	6,94 %	2268	6,97 %	2 968 204	2 085 948
Luster	5041	15,52 %	5089	15,64 %	6 660 138	4 680 507
Lærdal	2176	6,70 %	2174	6,68 %	2 845 184	1 999 493
Sogndal	7477	23,02 %	7623	23,43 %	9 976 465	7 011 103
Vik	2731	8,41 %	2688	8,26 %	3 517 872	2 472 235
Årdal	5521	17,00 %	5496	16,89 %	7 192 791	5 054 837
SUM	32474	100,00 %	32542	100,00 %	42 588 759	29 929 860

Organisering av verksemda

Selskapet sitt øvste organ er representantskapet. Eigarkommunane vel ni medlemmar til representantskapen. Styret har fem medlemmer og tre varamedlemar, valde av representantskapen. Direktøren står ansvarleg for den daglege drifta av SIMAS.



Representantskapen

Representantskapen skal sjå til at selskapet vert drive etter føremålet, selskapsavtalen og i samsvar med lover og vedtekter. I 2014 handsama representantskapen dei faste sakene etter selskapsavtala.

Styret

Styret har hatt følgjande medlemmer i 2014

- Jøril Hovland, Sogndal kommune, leiar
- Jan Roy Dalheim, Årdal kommune, nestleiar
- Åge Skrede, Balestrand kommune
- Edith Valeberg Eggum, Leikanger kommune
- Ingebjørn Giil, Høyanger kommune

Varamedlemmer:

1. Eivind Rinde, Vik kommune
2. Margunn Hylland, Aurland kommune
3. Alf Magne Hjellum, Lærdal kommune

Styret har hatt 9 møter i 2014, der eit av møta var styreseminar i lag med dei tilsette. Styret har handsama 60 saker. Dei viktigaste sakene utanom årsmelding, rekneskap, SIMAS IKS

ÅRSMELDING 2014 SIMAS IKS

budsjett og investeringsplan var oppfølginga av ny strategi- investeringsplan for å møte utviklinga i bransjen.

Selskapet vert drive etter sjølvkostprinsippet innan hushaldningsavfall og slam.


Unnataket er næringsavfall, der det er lov å legge på ei fortjenestemargin.

Styret fokuserer særleg dei områda i drifta og i administrasjonen som har avvik frå ordinær drift. Denne delen av møta er styret si viktigaste kjelde for å sjå til at selskapet vert drive på ein god måte og innafor gjeldande lover og reglar.

Organisasjon

Hausten 2014 vart den nye organiseringa vedteken. Målet med omorganiseringa er:

- *Tydelege krav til fagleg oppfølging av ansvarsområder*
- *Betre styring med dei totale personalressursane*
- *Fokus på utvikling av ansvarsområder – ned/oppstrøms-løysingar*
- *Framtidsretta for alle – dvs alle i organisasjonen skal ha moglegheiter for vidareutvikling*
- *Større fleksibilitet*
- *Variasjon i arbeidsoppgåver*
- *Mindre sårbare ved fråvær*



Avfallsmengder og aktivitetar

ÅRSMELDING 2014 SIMAS IKS


Totalt vart avfallsmengda som SIMAS handterer auka med 10,2% til 29 322 tonn. Endringa skyldas i hovudsak auka mengd dekkmasse, men også auke i mengda farleg avfall. Her er talla inkludert klorparafinvindaug. Elles er mengdene om lag som for tidlegare år.

Oversikt over dei ulike avfallstypene og utviklinga i tonn frå 2014 - 2009

Avfallstypar	Avfall i tonn 2014	Avfall i tonn 2013	Avfall i tonn 2012	Avfall tonn 2011	Avfall tonn 2010	Avfall tonn 2009
Papir/papp/drikkekartong (innsamla)	2 147	2 340	2401	2501	2254	2367
Papp (næring)	142	-	0	26	0	0
Plastemballasje	238	58	58	47	30	23
Landbruksplast	209	107	111	125	106	126
Våtorganisk avfall (innsamling)	2 804	2 612	2503	2591	2704	2605
Våtorganisk avfall (Nomil)	2 004	2 376	2402	1965	2149	2408
Glas	374	350	349	371	268	293
Metall	482	491	505	422	541	368
Skrap (miljøstasjon)	190	526	582	370	312	333
Klede	32	80	48	20	84	80
RENAS avfall	17	27	65	38	96	167
Elektronikk avfall	22	26	22	45	139	70
Kvitevarer	50	78	55	0	92	74
Kuldemøblar	-	-	0	0	83	38
Farleg avfall	103	171	124	116	84	114
Bilbatteri	55	40	41	33	0	35
Klorparafin-ruter	18	14				
PCB-haldige isolerglas	5	9	27	7	1	23
Treavfall (reint)	401		778	503	349	346
Behandla trevirke	2 040	1 710	1784	1816	1463	1873
Park og hageavfall	-	-	0	0	0	0
Trykkimpregnert trevirke	168	123	170	100	100	121
Avvatna slam	896	1 331	1044	1272	1026	1432
Flytande feit, frityrfeitt	20	3				
Råslam	196	226	342	0	0	308
Slam frå renseanlegg	82	117	141	312	99	198
Slam frå sandfang	5	30	38	64	101	154
Restavfall (innsamling)	3 381	5 472	5573	5327	5051	5691
Restavfall (miljøstasjonar)	1 642	226	0	0	0	0
Restavfall (næring)	2 055	1 610	1779	2029	1289	1438
Asbest	307	42	56	71	95	28
Oljeforurensa masse	109	164	0	0	0	14
Dyr	-	-	0	0	0	1
Betong m/armering (Lærdal)	464					
Betongklossar	49	-	0	0	0	0
Gips	17	19	56	20	37	
Dekkmasse kl 1	8 577	5 887	123	2526	1083	39
Dekkmasse kl 2	21	62	85	375	82	115
Til saman	29 322	26 327	21 262	23 091	19718	20886

Hovudmengdene av avfallet vert transportert inn til Festingdalen med renovasjonsrutene fordeler seg slik:


ÅRSMELDING 2014 SIMAS IKS



Grafen over syner små variasjonar i mengde mellom hovudfraksjonane transportert inn til anlegget dei tre siste. Samla mengde utgjer om lag 14800 tonn.

Handsaming av avfallstypar

Når ein kjeldesorterer kan ein nytta dei fleste avfallstypene som råvare i produksjon av nye varer. SIMAS si handsaming av avfallstypene har utgangspunkt i avfallshierarkiet;




Attvinning

ÅRSMELDING 2014 SIMAS IKS

Av dei totale avfallsmengdene, eks dekkmassar, som kom inn til SIMAS sitt anlegg i Festingdalen vart 97 % attvunne eller handsama her og sendt vidare til anna slutthandsaming hjå andre aktørar i avfallsbransjen. Dette er om lag på nivå som tidelegare år.

I samsvar med avfallshierarkiet ønskjer ein å arbeide for mest mogeleg materialgjenvinning. SIMAS har som målsetjing at 90 % skal gå til attvinning, av dette skal 60 % gå til materialattvinning. Begge målsetjingane oppfyller selskapet.



Deltaking på marknader

Eit synleg SIMAS er ein del av omdømebygginga og difor deltek me på marknader og andre møteplassar i regionen. Møtestadene er eit fint høve til å setje fokus på SIMAS si rolle, renovasjonsordninga og viktige sider med avfallshandteringa. Arrangementa er gode møteplassar for å treffa kundane våre og me har eit mål om å vere enno meir synlege framover.

ÅRSMELDING 2014 SIMAS IKS


Før opninga på marknaden i Aurland i 2013:



Besøk på miljøstasjonane

Miljøstasjonane er eit sentralt innsamlingspunkt i SIMAS sin strategi for å få ei effektiv og god avfallshandtering. Drifta av miljøstasjonane skjer i samarbeid med eigarkommunane, eit samarbeid som me må utvikle og gjere betre i åra som kjem. Strengare krav til sortering og nye avhendingsmåtar for ulike avfallstypar føreset betre kompetanse og fokus frå dei som møter kundane i dag. Målet er få inn enno større mengder og løfte sorteringskvaliteten i alle ledd. I dialog med eigarkommunane vil me vurdere tiltak som forenkler og stimulerer til at me alle hjelper til med ei god og effektiv handtering av avfallet. Endringar i opningstider, eller ope fleire dagar kan vere ei løysing. Faste ryddedagar vår og haust med utvida tilgjenge kan vere eit anna tiltak. Målet vårt er å få sortert og attvunne større mengder avfall i åra som kjem med di hjelp.

Me registerar og gleder oss over aukande aktivitet på miljøstasjonane våre. Fleire og fleire nyttar tilbodet vårt med opne miljøstasjonar der dei kan få levert større mengder avfall ein gong i veka. I 2014 var det heile 15954 kundar som var å leverte avfall i opningstida. Grafen under syner at Luster miljøstasjon har fleste kundane pr time gjennom året. Dette er ei utvikling som har vore over fleire år, men me ser samstundes at talet kundar aukar jamnt på dei fleste miljøstasjonane.



ÅRSMELDING 2014

SIMAS IKS

Årsmelding frå styret

Om verksemda

SIMAS er eit interkommunalt selskap eigd av kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal, med til saman 32 542 ibuarar. Selskapet starta opp i 1995 og har i dag ansvaret for handsaminga av alt hushaldningsavfall for eigarkommunane utanom Årdal. I tillegg vert det meste av næringsavfallet frå Indre Sogn omsett gjennom SIMAS.

Kontor- og arbeidsstad er Festingdalen på Kaupanger.

Resultatet

Omsetninga i selskapet i 2014 var på 60,0 millionar kroner, dette er 0,2 millionar kroner mindre enn i 2013. Resultatrekneskapet syner eit samla underskot på 0,3 millionar kroner i 2014. I 2013 var det overskot på 0,7 mill.kr.

Eigendelar, utgjer 64,4 mill.kr. der eigenkapitalen er på 21,8 mill.kr. og samla gjeld utgjer 42,6 mill.kr. Den langsiktige lånegjelda utgjer 29,9 millionar kroner, mot 28,7 millionar kroner pr 31.12.13. SIMAS har ei låneråme på 65 millionar kroner, som eigarkommunane godkjende i 2014.

Styret meiner at årsrekneskapen gjev eit rett bilete av SIMAS sine eignelutar og gjeld, eigenkapital, finansielle stilling og resultat. Føresetnaden for fortsatt drift er til stades, og årsrekneskapen for 2014 er sett opp med denne føresetnaden.

Dekking av underskot

Underskotet på 0,3 mill.kr. er dekkja med tilsvarande reduksjon i eigenkapitalen

Finansielle investeringar

Verksemda har ein investeringsstrategi med låg risiko. Midlane selskapet har er plassert i pengemarknaden, og i aksjar i verksemdar knytt til drifta av verksemda. Av samla midlar utgjer akseposten om lag 2 %. I 2014 vart Simas Næring AS stifta. SIMAS IKS eig selskapet fullt ut, og har skote inn aksjekapital på kr. 500.000.-

Arbeidsmiljø og personale

SIMAS har i 2014 hatt 17 fast tilsette. I tillegg har det vore leigd inn ekstra personalressursar i samband med gjennomføring av ulike prosjekt.

Det samla sjukefråveret var i 2014 på 4,6 %. Av dette utgjer langtidssjukefråværet 3,1 %. Året har medført eit noko høgre sjukefråværet enn i 2013 og tiltak for å redusera sjukefråværet vil bli vurdert. Det vart ikkje registrert yrkesskadar eller yrkessjukdom som førte til fråværet. SIMAS IKS har som mål å vera ein arbeidsplass der det skal vera full likestilling mellom kvinner og menn. Tradisjonelt har det vore få kvinnelege søkjarar til våre stillingar, særleg når det gjeld drifta ut. I administrasjonen er det 4 fast tilsette

ÅRSMELDING 2014 SIMAS IKS

kvinner og 5 menn. Det er 8 fast tilsett menn i utedrifta. Det har vore innleigd hjelp i adminstrasjonen og utedrifta til ulike prosjektretta aktivitetar og oppgåver.

Ytre miljø

Selskapet har fleire aktivitetar for å halde skadedyr borte frå hovudanlegget i Festingdalen. Flygeavfall vert jamleg rydda bort frå nærområdet, og årleg gjennomfører med ryddedagar på anlegget.

Kvart år måler vi karakteren på Sigevatnet, og i 2014 hadde same karakter som året før. Totalutsleppet var nivå med i 2012, og vil variere grunna svingingar nedbørsmengdene i området. Hausten 2012 vart det gjennomført ei kartlegging av sigevatnet sin verknad på resipienten, og rapporten fekk me i 2013. Undersøkinga tek føre seg dei marine miljøtilhøva i sjøen utafor Festingdalen. Resultata vert samanlikna med målingane i 1999 og 2006 og for dei fleste måleparametrane er det ei positiv utvikling og tilstandsklassen er god eller svært god. Den positive utviklinga av målingane er noko me ønskjer skal halde fram me skal i åra som kjem arbeida for å minimalisere miljøbelastninga.

Det er installert system for oppsamling av deponigassar og den innsamla gassen vert avfakla i eige anlegg. Me registrer årleg ei positiv utvikling av desse verdiane.

Framtida

Arbeidet med ny avfallsplan for perioden til og med 2020 vil bli sett i gang. Målet er at Fylkesmannen, eigarkommunane, styret, tilsette og andre eksterne aktørar skal bli involvert i med i arbeidet med planen. Planen skal vere sentral i utviklinga av selskapet og rolla av selskapet skal ha dei komande åra. Utgangspunkt i dei overordna krava som vert sett til verksemda, i tillegg til dei lokale utfordringane som regionen har innan avfallshandsaming er sentrale deler av planen. Styret vil vere opptekne av at selskapet skal vere ein sentral kompetansebedrift innafor avfallhandtering i regionen. Vidare må alle framtidige krav verksemda står framfor i varetakast. Samstundes må me legge til rette for moglegheiter for meir lokal verdiskaping med utgangspunkt i dei ressursane verksemda samlar inn.

Slutthandsaminga av våtorganisk avfall er ei krevjande oppgåve. Selskapet har innleia samarbeid med ekstern aktør for å oppnå maksimal utnytting av ressursane som vert samla inn. I 2014 ser ein effektar av samarbeidet og det er store forventingar til at produktet som kjem ut av kompostanlegget kan bli ei attraktiv og etterspurd vare om kort tid.


ÅRSMELDING 2014
SIMAS IKS

Den daglege drifta i verksemda følgjande hovudutfordringar;

- Kontinuerleg informasjon for å halda oppe og påverke haldningane med avfallssorteringa, og dreie den mot mindre produksjon av avfall og meir attbruk og attvinning i kvardagen
- Følgja opp kundeavtalane, kvalitetssikre og handsama søknader raskt og rettvist.
- Auka attvinningsgraden på avfallet som SIMAS tek imot og handsamar.

Styret vil takke dei tilsette og samarbeidspartnarar for godt samarbeid.

Kaupanger 25.03 2014




Jøril Hovland
Styreleiar




Jan Roy Dalheim
nestleiar




Age Skrede
styremedlem



Edith Valeberg Eggum
styremedlem



Ingebjørn Giil
styremedlem




Magne Forberg
Direktør

RESULTATREGNSKAP

SIMAS IKS

DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	Note	2014	2013
Salgsinntekt		59 285 690	59 529 624
Annen driftsinntekt		748 658	707 377
Sum driftsinntekter		60 034 348	60 237 000
Varekostnad		27 349 411	27 603 040
End. beh. varer u.tilv. og ferdigvarer		-18 046	-114 800
Lønnskostnad	2, 7	11 754 033	11 318 163
Avskrivning av driftsmidler og immaterielle eiendeler	3	6 916 900	6 886 356
Annen driftskostnad	2, 6	13 886 980	13 413 641
Sum driftskostnader		59 889 278	59 106 401
Driftsresultat		145 071	1 130 599
FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Annen renteinntekt		451 807	194 934
Annen finansinntekt		9 947	20 020
Annen rentekostnad		644 350	649 361
Resultat av finansposter		-182 596	-434 407
Ordinært resultat før skattekostnad		-37 526	696 192
Skattekostnad på ordinært resultat		268 778	0
Ordinært resultat	8	-306 304	696 192
EKSTRAORDINÆRE INNTEKTER OG KOSTNADER			
Årsresultat		-306 304	696 192
OVERFØRINGER			
Avsatt til annen egenkapital		-306 304	696 192
Sum overføringer		-306 304	696 192



BALANSE**SIMAS IKS**

EIENDELER	Note	2014	2013
ANLEGGSMIDLER			
IMMATERIELLE EIENDELER			
VARIGE DRIFTSMIDLER			
Tomter, bygninger o.a. fast eiendom		34 841 358	35 203 425
Maskiner og anlegg		6 250 142	2 901 312
Driftsløsøre, inventar o.a. utstyr		5 207 120	4 363 066
Sum varige driftsmidler	3	46 298 620	42 467 802
FINANSIELLE ANLEGGSMIDLER			
Investeringer i datterselskap		506 797	0
Investeringer i aksjer og andeler	4	209 651	209 651
Andre langsiktige fordringer		172 039	222 778
Sum finansielle anleggsmidler		888 487	432 429
Sum anleggsmidler		47 187 107	42 900 232
OMLØPSMIDLER			
Lager av varer og annen beholdning	1	288 046	270 000
FORDRINGER			
Kundefordringer	1	3 373 679	11 754 265
Andre kortsiktige fordringer		1 200 409	316 075
Sum fordringer		4 574 088	12 070 339
INVESTERINGER			
Bankinnskudd, kontanter o.l.	5	12 314 493	6 334 367
Sum omløpsmidler		17 176 627	18 674 706
Sum eiendeler		64 363 734	61 574 938


BALANSE


SIMAS IKS


EGENKAPITAL OG GJELD	Note	2014	2013
INNSKUTT EGENKAPITAL			
Aksjekapital		21 774 974	22 081 280
Sum innskutt egenkapital		21 774 974	22 081 280
OPPTJENT EGENKAPITAL			
Sum egenkapital		21 774 975	22 081 279
GJELD			
AVSETNING FOR FORPLIKTELSER			
ANNEN LANGSIKTIG GJELD			
Gjeld til kredittinstitusjoner	6	27 094 660	26 225 920
Øvrig langsiktig gjeld		2 835 200	2 485 200
Sum annen langsiktig gjeld		29 929 860	28 711 120
KORTSIKTIG GJELD			
Leverandørgjeld		10 050 448	8 052 818
Skyldig offentlige avgifter		832 859	799 374
Annen kortsiktig gjeld		1 775 592	1 930 346
Sum kortsiktig gjeld		12 658 899	10 782 538
Sum gjeld		42 588 759	39 493 658
Sum egenkapital og gjeld		64 363 734	61 574 938


Styret i SIMAS IKS



Jøril Hovland
Styreleder


Jan Roy Dalheim
Nestleder


Åge Skrede
Styremedlem


Ingebjørn Gill
Styremedlem


Edith Valeberg Eggum
Styremedlem


Magné Forberg
Daglig leder

SIMAS IKS

NOTAR TIL REKNESKAPEN 2014

Note 1: Rekneskapsprinsipp:

Årsrekneskapet er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk for små foretak.
Følgjande rekneskapsprinsipp er nytta:
Debitorar pr. 31.12.14 er vurdert til pålydande med reduksjon for avsetning tap på krav kr. 560.000,-
Varelager er vurdert til innkjøpspris.
Eigenkapitalinnskott KLP er ført som anleggsmiddel.

Note 2: Tilsette, godtgjersler og lån til tilsette, m.m.:

Lønskostnader består av følgjande postar:	2014		2013	
Løner:	kr	9 466 280,00	kr	9 161 000,00
Arbeidsgjevaravgift:	kr	1 106 230,00	kr	1 060 054,00
Pensjonskostnader:	kr	936 297,00	kr	902 912,00
Andre personalkostnader:	kr	245 227,00	kr	194 199,00
Sum lønskostnader:	kr	11 754 034,00	kr	11 318 165,00
Gjennomsnittleg tal tilsette:		20	kr	17,00
Kostnadsført revisjonshonorar utgjer:	kr	46 400,00	kr	58 969,00
Godtgjersler til leingi:		Dagleg leiar:		Dagleg leiar:
Løn/annan godtgjersle:	kr	802 880,00	kr	794 451,00
		Styreleiar		Styreleiar
Styreleiarhonorar	kr	80 000,00	kr	73 000,00

Ingen eigarar har gjeld til selskapet.

Dagleg leiar har lån i selskapet. Pr 31.12.2014 utgjer dette kr. 29.168,-.

Det er avtale på tilbakebetaling av lånet. Det blir betalt renter på lånet etter gjeldande normrente.

Pensjonsforpliktelsar er dekkja gjennom dei normale forsikringane i KLP.

Note 3: Driftsmidlar:

	Kostpris:	Avgang/ Tilgang:	Sats:	Årets avskrivn.:	Akk. avskrivn.:	Bokført 31.12.14:
Tomter, bygninger o.a fast eigedom	kr 83 269 922,00	kr 3 983 297,00	5-10%	kr 4 377 343,00	kr 47 875 497,00	kr 35 000 379,00
Maskiner og anlegg	kr 10 326 665,00	kr 4 653 385,00	20 %	kr 1 282 555,00	kr 7 616 354,00	kr 6 081 141,00
Driftslosore, inventar o.a utstyr	kr 11 056 004,00	kr 2 111 056,00	10-33%	kr 1 257 002,00	kr 6 692 938,00	kr 5 217 120,00
SUM:	kr 104 652 591,00	kr 10 747 738,00	0	kr 6 916 900,00	kr 62 184 789,00	kr 46 298 640,00

Tilgang er finansiert ved bruk av eigenkapital og lån i Kommunalbanken.

Note 4: Aksjar:

Selskap:	Total aksjekapital:	Tal aksjar:	Pålydande:	Overkurs:	Bokført verdi:
RECOM AS	kr 1 750 000,00	48	kr 500,00	kr 1 000,00	kr 101 651,00
RETURA AS	kr 1 580 000,00	kr 60,00	kr 1 000,00	kr 1 800,00	kr 108 000,00
SIMAS Næring AS	kr 500 000,00	kr 500,00	kr 1 000,00	kr 6 797,00	kr 506 797,00

Note 5: Skatt og bundne midlar:

Avsett skattekostnad i balansen

2014	2013
0	0

Av samla bankinnskott er kr.600.000,- bundne skattetrekksmidlar.

Note 6: Langsiktig gjeld, pantsetjingar og garantiar:

Eigarkommunane er garantistar og er gjensidig ansvarlege for alt låneopptak.

Det er i 2014 avsett kr. 350.000,- i etterdriftsfond.

Samla verdi etterdriftsfond utgjer pr. 31.12.14 kr. 2.835.200,-.

Note 7: Obligatorisk tenestepensjon

SIMAS IKS pliktar å ha eigen tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon.

Foretaket sin tenestepensjon vert administrert av Kommunal Landspensjonskasse (KLP).

KLP oppfyller krava etter denne lova.

Note 8: Avdelingsfordeling

	Kommunalt		Slam		Næring		Totalt	
Driftsinntekter	kr	32 194 823	kr	5 275 472	kr	22 564 055	kr	60 034 350
Driftsutgifter	kr	-28 506 889	kr	-6 104 422	kr	-19 041 867	kr	-53 653 178
Avskrivning	kr	-4 051 577	kr	-395 167	kr	-2 470 155	kr	-6 916 899
Driftsresultat	kr	-363 643	kr	-1 224 117	kr	1 052 033	kr	-535 727
Finansposter	kr	-129 803	kr	3 764	kr	-56 559	kr	-182 598
Resultat	kr	-493 446	kr	-1 220 353	kr	995 474	kr	-718 325
Skattekostnad					kr	-268 778	kr	-268 778
Skattefunnmidler	kr	344 439			kr	336 360	kr	680 799
Resultat	kr	-149 007	kr	-1 220 353	kr	1 063 056	kr	-306 304

Fond 01.01.2014 kr 621 188 kr 5 306 618

Resultat 2014 kr -447 347 kr -1 146 802

Fond 31.12.2014 kr 173 841 kr 4 159 816

Kopi til:

Til Representantskapet i SIMAS IKS

MELDING FRÅ REVISOR

Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for SIMAS IKS, som viser eit underskot på kr 37 526,-. Årsrekneskapen omfattar balanse per 31. desember 2014, resultatrekneskap for rekneskapsåret som er avslutta per denne dato, ein omtale av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta og andre noteopplysningar.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen, og for at årsrekneskapen gir eit rettvisande bilete i samsvar med reglane i rekneskapslova, tilleggskrav i lov om interkommunale selskap, forskrift om årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding for interkommunale selskap og god rekneskapsskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av økonomisk utruskap eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Oppgåva vår er på grunnlag av revisjonen vår å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tilstrekkeleg tryggleik for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane er avhengige av revisor sitt skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast økonomisk utruskap eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapet si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir ei dekkjande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar og ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta er føremålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Etter vår meining er årsrekneskapen framlagt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av den finansielle stillinga til SIMAS IKS per 31. desember 2014, og av resultat for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med reglane i rekneskapslova, tilleggskrav i lov om interkommunale selskap og god rekneskapsskikk i Noreg.

Fråsegn om andre tilhøve

Konklusjon om budsjett


Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om fortsatt drift og forslaget til bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjonen av årsrekneskapen som omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.


Marianne Vara
Oppdragsansvarleg revisor